



NVE  
pb. 5091 Majorstuen  
0301 OSLO

Arkivsakid-doknr:	05/176-8	Saksh:	Gunnhild Sandvin	Arkivkode	Dato:
Journalpostid:	16/3694	Telefon:	53 67 35 27	K2 - S11	04.07.2016

## Melding om uttale - til søknad om Isdøla småkraftverk AS i Eid fjord kommune

Eid fjord formannskap - 16/081:

Det er fatta følgjande uttale i saka:

Eid fjord kommune er generelt positiv til utnytting av vassressursane i kommunen. Miljø- og naturkvalitetane i Sysendalen er grunnlaget for satsing på turisme og hyttebygging. Utbygging av Isdøla kraftverk må ikkje opplevast som negativt for denne satsinga.

Inntaksdammen må ikkje vera eit hinder for fisk sin vandring i Isdøla.

Med venleg helsing  
Eid fjord kommune

Gunnhild Sandvin  
møtesekretær

Kopi til arkiv og kopibok



## EIDFJORD KOMMUNE

Arkiv: K2 - S11  
Arkivsak ID: 05/176 - 7  
Journalpost ID: 2016003125  
Saksh.: Elnan, Gunnar  
Dato: 22.06.2016

## SAKSGANG

Utvælg	Møtedato	Saknr
Eid fjord formannskap	27.06.2016	16/081

### Uttale til søknad om Isdøla småkraftverk AS i Eidfjord kommune

#### Andre dokumenter i saken:

Søknad om løyve til Isdøla kraftverk - høyring

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eid fjord kommune er generelt positiv til utnytting av vassressursane i kommunen. Miljø- og naturkvalitetane i Sysendalen er grunnlaget for satsing på turisme og hyttebygging.

Utbygging av Isdøla kraftverk må ikkje opplevast som negativt for denne satsinga.

Inntaksdammen må ikkje vera eit hinder for fisk sin vandring i Isdøla.

[27.06.2016](#) - Eidfjord formannskap

Røysting:

Samrøystes vedteke.

#### FSK - 16/081 - Vedtak:

Eid fjord kommune er generelt positiv til utnytting av vassressursane i kommunen. Miljø- og naturkvalitetane i Sysendalen er grunnlaget for satsing på turisme og hyttebygging.

Utbygging av Isdøla kraftverk må ikkje opplevast som negativt for denne satsinga.

Inntaksdammen må ikkje vera eit hinder for fisk sin vandring i Isdøla.

**Desse har uttalt seg i saka:**

Ingen

**Særutskrift skal sendast til:**

NVE

**Endeleg avgjerd i:** Formannskapet**Saka gjeld:**

NVE har motteke ein søknad frå Isdøla Kraft AS, datert 12.03.2016, om løyve til bygging av Isdøla kraftverk. Isdøla kraftverk vil nytte eit fall i Isdøla på 95 m frå inntaket 815 moh. til kraftstasjonen på kote 720. Vassvegen vil gå i ei grøft på heile strekninga og blir 1100 m lang. Middelvassføringa er 1000 l/s, og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på 2500 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,8 MW og gje ein årleg produksjon på 6 GWh. Utbygging vil føre til redusert vassføring på ei 1100 m lang strekning i Isdøla. Det er planlagd slepp av minstevassføring på 50 l/s om sommaren og 30 l/s resten av året. NVE føretrekker at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan 8. juli 2016.

Statkraft har inne til konsesjonshandsaming søknad om Isdal pumpe, kommunestyret har gitt følgjande uttale til denne:

**KST-006/14 Vedtak:**

Eidfjord kommune er positiv til utbygging av Isdal pumpe og kraftverk, men ber om at følgjande punkt vert vurdert før konsesjon vert gitt:

1. Alternativ plassering av Isdal pumpe og kraftverk må greiast ut.
2. Det må vera eit krav at fisk kan vandra opp frå Isdøla til Isdalsvatnet.
3. Det kan ikkje aksepteras at røye kan spreia til Isdalsvatnet.
4. Temperatureffekten på Isdalsvatnet og Bjoreio må vera betre dokumentert for framtidig vassføring i Bjoreio, frå Leiro og ned

**Økonomiske konsekvensar:**

Tiltaket vil få liten positiv verknad for kommunen i form av skatter.

**Juridiske konsekvensar:**

Ingen kjende.

**Miljømessige konsekvensar:**

Tiltaket vil vera negativt for vassmiljøet, spesielt i form av redusert vassføring. Også oppleving av Isdøla som fiskeelv og landskapslement vert sterkt redusert. Minstevassføring på 50 l/s om sommaren og 30 l/s resten av året, kan spesielt på tørre sumrar opplevast som om Isdøla nærmast er tørr på regulerte strekning. Det er stor år til år variasjon ( $\pm 60\%$ ) kor minstevassføringa skal tilsvara alminneleg lavvassføring. Dette påvirkar og det økonomiske grunnlaget i prosjektet.

Sysendalen er satsingsområde for turisme og hyttebygging. Natur- og miljøkvalitetane i dalen og området er grunnlaget for denne satsinga. Reduksjon av kvalitetane i dalen kan få negative følgjer for næringslivet og miljøet.

Som følgje av kommunestyret si uttale i sak om Isdal pumpe, er det naturleg å ta opp at kravet i pkt. 2 gjeldande for inntaksdammen.

**Personalmessige konsekvensar:**

Ingen kjende.

**Konsekvensar for folkehelse:**

Ingen kjende.

Aud Opheim Lygre  
rådmann

Gunnar Elnan  
sakshandsamar